

SVEUM ØVRE



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

*skrivi Sveen og Sveom. I 1843 fekk Ole Olsen bygsel på livstid frå fogden. Sveen gnr. 78 bnr. I vart skyldsett i 1861. Ole Olsen Prestgardseie 1801-1864 vart i 1829 gift med Anne Syversdotter Gaarden 1801-1885, i 1830 var dei på nørdre Hølmo og i 1833 på Holshaugen. Men i 1840 var dei på Sveum og dette året eller åra like før er da truleg starten på dette bruket. I 1878 var det enkja som brukte Sveum etter livstidsbygsele. Ole og Anne hadde barna
Guri f. 1829-1870, gift med Pål Andersen Lysåker i Heidal f. 1828
Ole 1833-1917, neste brukar
Anne f. 1840*

*I 1865 var Ole Olsen f. 1833 forpaktar der sjølv om det var mora som formelt hadde bygsele, og i 1886 fekk han sjølv feste på bruket i Nordherad statsalmenning. Ole var gift med Rønnaug Johnsdatter Rustom f. 1834. Dei hadde barna
Ole f. 1861
John f. 1863, utvandra til Stoughton i Amerika i 1883
Syver f. 1866, til Stoughton i Amerika i 1883
Ole f. 1869
Anne f. 1870
Guri f. 1873, til Stoughton i Amerika i 1891
Mari 1877-1959, neste brukar
Barbro*

Ole f. 1881

Alle som voks opp med unntak av Mari reiste til Amerika.

Mari vart 1898 gift med Ivar Jakobsen Gudbrandstuen 1877-1964, og i 1909 fekk dei feste frå fogden på Sveum mot årsavgift kr 5,-. I 1945 fekk Ivar Sveum skjøte frå Landbruksdepartementet for kr 220,-. Mari og Ivar hadde barna

Kari 1898-1917

Anna 1901-1989, gift med Johannes Hagen 1896-1983, i nordi-Hågå

Maria, f. 1901 ugift

Ola f. 1904

Barbro f. 1907, gift med Per Aabakken 1900-1957

Rønnaug 1909-1993, gift med Petter Lien 1904-1989 i Kvam

Syver 1913-1995

Jakob

Jo 1916-1919

Karl, gift med Ragna Hagen f. 1927

Julie 1921-1986, gift med Marvin O. Bakke 1911-1992, i Steinen

Syver fekk skjøte på bruket i 1946. Han vart i 1950 gift med Marit Ulsanden 1916-1997, dei hadde dottera

Mari f. 1951

Mari vart i 1975 gift med Jon Øyen f. 1952, dei overtok bruket i 1981.

Mari og Jon har barna

Monika f. 1976

Jorunn f. 1979

Per Stian f. 1984

Øver-Sveum har seter på søre Nistingen, Gudbrandsdalskommisjonen fører ho opp som seter til Sveum i 1878.

I 1875 var det på Øver-Sveum 1 føl, 2 kyr, 1 kalv, 6 sauer og 1 geit. Det vart sådd nesten 1 ½ tønne bygg og ½ tønne poteter.

Kjelder: Norske Gardsbruk 1953 – 1997

Folketelling 1865, 1875, 1900

Gudbrandsdalskommisjonens indberetning 1882
Panteregister
Utskrifter Kyrkjebok for Vågå
Festekontrakter
Ragnhild Aabakken: munnleg fortald